



Advokatfirmaet Vikse AS  
Postboks 95  
3101 TØNSBERG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/3307 - 20/10595

Saksbehandlar:

Morten Mangerøy Helland

morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:

26.02.2020

## Løyve til reseksjonering - gbnr 188/757

### Bakgrunn for saken:

Advokatfirmaet Vikse AS har på vegne av sameige Knarvikparken sendt inn søknad om reseksjonering av egedomen gbnr. 188/757. Søknaden er undertekna av styret i sameige. Egedomen utgjer per dags dato eit seksjonssameige beståande av totalt 37 seksjonar, 36 bustadseksjonar og 1 næringsseksjon.

Reseksjoneringa gjeld endring av sameigebrøk for ein rekke seksjonar i sameige. Det er opplyst at seksjonane fekk feil sameigebrøk ved seksjonering av egedomen, og det søkes derfor om reseksjonering.

Det er gitt ferdigattest på bustadbygget på egedomen.

### Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert reseksjonering av gbnr. 188/757 godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
5	544/31776	Bustad	B
6	709/31776	Bustad	B
7	593/31776	Bustad	B
8	649/31776	Bustad	B
9	918/31776	Bustad	B
10	645/31776	Bustad	B
11	826/31776	Bustad	B
12	797/31776	Bustad	B
13	786/31776	Bustad	B
14	1079/31776	Bustad	B
15	993/31776	Bustad	B
16	922/31776	Bustad	B
17	1131/31776	Bustad	B
18	798/31776	Bustad	B
19	645/31776	Bustad	B
20	826/31776	Bustad	B
21	797/31776	Bustad	B
22	787/31776	Bustad	B
23	1079/31776	Bustad	B
24	991/31776	Bustad	B
26	1131/31776	Bustad	B
27	796/31776	Bustad	B
28	645/31776	Bustad	B
29	826/31776	Bustad	B
30	797/31776	Bustad	B
31	788/31776	Bustad	B
32	1079/31776	Bustad	B

### Faktiske opplysninger:

Søknad om reseksjonering er innsendt til kommunen og har følgjande vedlegg:

- Vedtekter for sameige
- Samtykkje frå berørte heimelshavarar
- Samtykkje frå pantehavarar
- Eigarliste
- Kopi av tinglyst seksjoneringsbegjæring

Det er ikkje sendt inn planteikningar i denne reseksjonerings-saka då den kun gjeld endring av sameigebrøk.

**Vurderinger:**

Kommunen finn at søknad om reseksjonering både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik omsøkt.

**Vidare saksgang:**

Vedtaket vert sendt rekviert med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsamning og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikkelbrev for eigedommen etter seksjonering saman med saksdokumenta sendt rekviert.

**Klage:**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

**Gebyr:**

Heimelshavar ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjoneringssaka etter gjeldande regulativ og dekker kostnad knytt til tinglysing av saka.

Med helsing

Tommy Veland  
Avdelingsleiar  
Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland  
rådgjevar  
Kart og oppmåling

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om reseksjonering

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

**Mottakarar:**

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101

TØNSBERG